



Gaute Haugland har stått på med dekoren i låven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**400 billetter er selde til Festidalen sin store jolafest på Dønhaug annandagskvelden og det teiknar til å bli eit høgdepunkt både i Dønhaugs og Festidalens liv.**

**- Vi måtte stoppa på 400 av kapasitetsgrunnar. Då har vi teke inn så mange som det er lovleg å ta inn også i kjedlaren Men vi kunne ha seld dobbelt så mange, seier styreleiar Morten Vevatne til uskedalen.no**

Torsdag ettermiddag var han i arbeid med å sette opp gjerde saman med andre nøkkelpersonar samstundes som Festidalens faste festivalkunstnar Gaute Haugland fullførte dekoren inne på låven.

Julepynten blir både spanande og småfrekk og sjølvstarkt sterkt prega av høgtida vi er midt inne i.

Gaute har jobba mange timar med dekoren og har også hatt nokre sømnlause netter, opplyser han.

Vevatne er på si side svært glad for at Gaute har stått så ivrig på med dekoren.

- Slikt er også ein viktig del av Festidalen sin profil, påpeikar han.

Arrangementet vil ellers bera preg av mangfald. Det startar klokka 20 med quiz ved ein av dei nye i festivalleiinga - Hege Sætveit Eikenes.

Deretter kjem to svært rutinerte platesnurrarar i gang: Kvinnheringen Torgrim Øyre og bergensaren Tarjei Strøm (kjend frå teamet til Ralph Myers) er godt kjende også på landsbasis.

Kveldens hovud-attraksjon og snart veteran på Dønhaug startar konserten sin klokka 22. William Hut, bergensaren med den utrullege røysta, treng knapt nokon ytterlegare presentasjon på våre kantar. No får vi berre vona at publikum tar i mot og høyrer på han med respekt og ikkje lagar altfor mange 'bi-lydar'.

Etter konserten slår platesnurrarane til att og held det gåande utover.

Det er lagt opp heimtransport av vanleg presisjon og standard.

- Vi er veldig godt fornøgd med oppslutnaden. Heilt fram til julemiddagen i går ringte det folk for å bestilla billetter. Det galdt til dømes fleire bedrifter, fortel Vevatne.

- Det er nok ein lukkeleg kombinasjon av Dønhaug og Festidalen som har slege så gunstig ut. seier Vevatne. Han peikar også på at publikum kjem frå heile Sunnhodland og at alders-spennet er stort.

Av Ola Matti Mathisen

